

# Hafast som stamveg



HARALD KJØLÅS  
tid. red. i Sunnmørsposten

## KOMMENTAR

Det var eit viktig og framtidseretta vedtak samferdselsutvalet i Møre og Romsdal gjorde om å velje Hafast, sambandet mellom Hareid og Sula, som framtidig stamvegtrase mellom nordre og søre Sunnmøre.

Viktigast av alt var at vedtaket var samrøystes. Dermed unngår ein at overordna etatar kan trenere utbygginga av dette sambandet med argumentet om at det er lokal usemje om alternativa.

Avgjerande i så måte er at det samrøystes vedtaket held seg oppe også i fylkesutvalet og ikkje minst i fylkestinget. Her må det stram disiplin til. I kampen om samferdselsmilliardane har det vist seg gong etter gong at prosjekt prega av lokal usemje vil falle igjennom.

**Ørstafjorden.** Litt rart er det sjølv sagt at samferdselsutvalet prioriterer å bygge samband over Ørstafjorden som ei mellombels løysing for å korte inn vegen mellom Festøya og Kvivsvegen.

Det verkar som om samferdselspolitikarane trur at Hafast høyrer ei fjern framtid til. Slik må det ikkje gå! Når Hafast er på plass vil kryssinga av Ørsta-

fjorden først og fremst vere ein fordel for vartdalingane som då også i framtida vil sleppe å reise om kommunesenteret Ørsta for å kome til Ålesund.

**Maritimt Møre.** For nokre år sidan laga selskapet Menon ein rapport om potensialet i det som vart kalla Maritimt Møre, dei 12 kommunane frå Vestnes i nord til Vanylven i sør som utgjør ei samanhengande kjede av maritim verksemd. Nærare 120.000 innbyggjarar bor i desse kommunane, og Ålesund utgjør på ein måte navet i denne regionen. Dette er ein av dei aller viktigaste eksportregionane i landet, og også ein av regionane med størst verdiskaping.

Menon-rapporten peikar på nokre av utfordringane til næringslivet i denne regionen. Største utfordringa er manglande kommunikasjonsmessig samanbinding i ein felles arbeidsmarknad som er stor nok og variert nok til å vere attraktiv for arbeidskraft med topp kompetanse. Her er Hafast viktigaste løysinga, kombinert med Hamnsundsambandet og Nordøyvegen. Det vil gi ein samanhengande arbeidsmarknad i heile den maritime klyngja, og kopla til kompetansmiljøet ved Høgskolen i Ålesund. Ei komplett og kunnskapsbasert næringsklynge er det som er nødvendig for å halde oppe konkurransekraft og vekstevne i framtida.

**Det hastar.** Det kan ikkje vere slik at eit fast samband over Sulafjorden er noko som høyrer ei fjern framtid til. Det er nok rett at det framleis er ein jobb å gjere med å utvikle ei løysing med flytebru kombinert med flytetunnel, men Norge er verdsleiande på installasjonar til havs, og også på installasjonar som er forankra i sjøbotnen. Ved å kople dei rette kunnskapsmiljøa saman burde dette vere overkomeleg innan rimeleg tid, men det er avhengig av press både frå næringslivet og frå politikarane i retning av å få til ei løysing. Ved å bruke manglande teknologi som årsak, kan slike prosjekt skuvast ut i ei fjern framtid. Det må ikkje skje!

**Det blir satsa.** Vi ser alt mange døme på at næringslivet satsar i denne regionen. Verdskonsernet Rolls-Royce har lagt det maritime hovudkvarteret sitt hit, og bygg no opp eit unikt kompetansmiljø både i Ulsteinvik og i Ålesund.

Det verdsomspennande skipsbyggingskonsernet STX har Europa-hovudkvarteret sitt her, og også innanfor fiskerisektoren har dei tyngste konserna lagt sine hovudkvarter hit.

Det er i tillit til at politikarane gjer sitt for å skape ein meir robust og konkurransedyktig region.